

# Meland ungdomsskule

Vurderingskriterier for Samfunnsfag

8- 10. klasse

## Vurderingsgrunnlag:

Eleven viser kompetanse gjennom munnleg aktivitet i timane, framlegging av tema for klasse og lærar, skriftlege innleveringar og prøver.

Høg karakteren 5 og 6	Eleven viser mykje god- eller framifrå kunnskap i faget kombinert med tydeleg forståing, refleksjon og evne til å sjå korleis emna i faget heng saman. Eleven kan og sjå korleis faget heng saman med andre fag. Eleven nyttar fagomgrep på ein rett og hensiktsmessig måte. Eleven uttrykkjer seg presist både skriftleg og munnleg, og kan grunngje svara sine. Deltar i faglege samtalar og diskusjonar, og evner å leggje fram tema på en måte som kommuniserer tydeleg og godt med- og/eller utan digitale verky.
Middels karakteren 3 og 4	Eleven har god- eller ganske god faktabasert kunnskap i faget. Eleven nyttar som oftast fagomgrep på ein rett og hensiktsmessig måte, men ikkje alltid. Eleven uttrykkjer seg for det meiste godt skriftleg og munnleg, men grunngjer ikkje svara sine. Deltar ein del- eller noko i faglege samtalar og diskusjonar. Kan leggje fram tema med- og/eller utan digitale verky.
Låg karakteren 1 og 2	Eleven har store hol i den faktabaserte kunnskapen i faget. Eleven viser lite- eller ingen kompetanse gjennom munnleg og skriftleg aktivitet. Innleveringar og anna skriftleg arbeid er heilt- eller delvis plagiat. Deltar delvis- eller ikkje i det heile ved framlegging av tema med eige arbeid.